

# Mot nye høgder

## Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2021.

Den vidaregåande opplæringa i Sogn og Fjordane har som overordna mål:

- Elevar<sup>1</sup> og lærlingar i Sogn og Fjordane har det kvalitativt beste opplæringstilbodet i landet.
- Vidaregåande opplæring er organisert slik at ein har eit breitt tilbod til ungdom og vaksne i Sogn og Fjordane.
- Vidaregåande opplæring spelar ei viktig rolle for kompetanseheving, næringsutvikling og lokal samfunnsutvikling i fylket.
- Opplæringa er heilskapleg frå grunnskule til fullført vidaregåande opplæring.

Dei overordna måla er heimla i opplæringslova som regulerer plikta fylkeskommunen har til å fylle retten til vidaregåande opplæring for alle som er busett i fylket.

Vidare er dei overordna måla heimla i:

- formålsparagrafen (opplæringslova §1.1) som formulerer verdiane opplæringa skal realisere. Paragrafen har utviklinga til den enkelte elev som mål, og han klargjer samtidig allmenne verdiar som samfunnet vårt bygger på. Saman med læreplanverket inneheld formålsparagrafen dei breie og samansette måla for elevane si utvikling gjennom skuleløpet.
- at fylkeskommunen skal planleggje og byggje ut eit opplæringstilbod i samsvar med nasjonale mål, søkjarane sine ønske og det behovet samfunnet har for vidaregåande opplæring i alle utdanningsretningar, §13-3.
- opplæringslova, §1-3 og §13-3, opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadane til den enkelte og føre fram til studiekompetanse, yrkeskompetanse eller grunnkompetanse.
- Opplæringslova, § 13-10, som seier at skuleeigar skal ha eit forsvarleg system som sikrar at lova sine pålegg og at elevane sine rettar blir følgd og innfridd. Skulane og lærebedriftene skal i følge forskrifta til opplæringslova, § 2-1:  
«...jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsett i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Skoleeigar har ansvaret for å sjå til at vurderingane blir gjennomført etter føresetnadane».

Den vidaregåande opplæringa skal ta vare på mangfaldet hjå elevar og lærlingar, og gi dei eit godt grunnlag for å møte endringar i framtida. Elevane og lærlingane sine behov og interesser skal ivaretakast, og det skal leggjast vekt på at opplæringa er relevant for deira aktive deltaking i samfunnet, i arbeidslivet og i høgare utdanning. Dei yrkesfaglege utdanningsprogramma må derfor ruste elevane og lærlingane til å møte arbeidslivet med relevant fag- og yrkeskompetanse, og dei


---

<sup>1</sup> Gjennom heile dokumentet er nemningane elev nytta om alle som får opplæring i skule (også vaksne), og lærling om alle som får opplæring i bedrift (også lærekandidatar)

studieførebuande programma må legge til rette for at elevane har eit godt grunnlag for å starte på høgare utdanning.

Mål- og strategidokumentet skal gi rammer for samarbeid mellom skulane og mellom skule og bedrift, og synleggjere vidaregåande opplæring si rolle i samfunnsutviklinga lokalt og regionalt.

Mål og strategiarbeidet har trivsel, meistring og gjennomføring som utgangspunkt, og illustrasjonen nedanfor viser ei organisering som fremjar god kvalitet frå strategiar til kvalitetsmål og overordna mål; mot nye høgder.



Hovudområda leiling, fag- og yrkesopplæring og undervisning, er grunnlaget som skal gi rammer, retning og verdigrunnlag for kvaliteten på opplæringa i Sogn og Fjordane.

Ein viktig del av arbeidsprosessen med mål- og strategidokumentet var å klarlegge kvar vi er i dag, kva utfordringar vi står over for og kva vi kan gjere for å nå nye høgder. Dette arbeidet viste at dei største utfordringane innanfor dei tre hovudområda er:

**Leiling** - spenningsforholdet mellom drift- og pedagogiske utviklingsoppgåver

**Fag- yrkesopplæring** - styrke det 4-årige utdanningsløpet

**Undervisning** - variasjon i opplæringsmetodar og elev- og lærlingmedverknad

Forskning og erfaring viser at å rette innsatsen mot få langsiktige mål, klare strategiar og kontinuerleg oppfølging, er det beste utgangspunktet for å lukkast med utvikling. Vidare gir få mål gode moglegheiter til å vere **tett på** utfordringane i læringsarbeidet.

	Strategiar	Kvalitetsmål	Overordna mål	
Trivsel Meistring Gjennomføring	<p><b>Leiing</b> Leiinga bruker utviklingsarbeid til å setje tydeleg retning for skulen.</p> <p>Leiinga tek aktivt i bruk og leier nettverk, kollektive/lærande prosessar og erfaringsdeling som gjennomgåande arbeidsmetode.</p> <p><b>Undervisning</b> Elevar, lærlingar, lærarar og instruktørar tek i bruk og vidareutviklar metodar og organiseringsmåtar som gjer opplæringa variert og relevant.</p> <p><b>Fag- og yrkesopplæring</b> Samhandling mellom interne og eksterne aktørar i eleven og lærlingen sitt opplæringsløp skal styrkast.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Alle elevar og lærlingar blir sett.</li> <li>• Elevar og lærlingar møter ei opplæring som gjev kunnskap, haldningar og lyst til å møte livet fagleg, sosialt og personleg.</li> <li>• Elevar, lærlingar, lærarar og instruktørar skal medverke til eit læringsmiljø der alle er trygge og kan bruke tid på læring.</li> </ul> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Elevar og lærlingar får ei opplæring der kvar einskild elev og lærling blir motivert til maksimalt fagleg-, sosialt- og personleg engasjement.</li> <li>• Elevar og lærlingar opplever ein tydleg samanheng mellom mål, innhald, læringsstrategiar og vurdering.</li> <li>• Elevar og lærlingar får støtte og oppmuntring til å meistre læringsarbeidet sitt og utvikle fagleg og sosialt mot.</li> </ul> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Minst 87 % av dei som byrjar i vidaregåande opplæring skal ha gjennomført opplæringa innan fem år.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Elevar og lærlingar i Sogn og Fjordane har det kvalitativt beste opplæringstilbodet i landet.</li> <li>• Vidaregåande opplæring er organisert slik at ein har eit breitt tilbod til ungdom og vaksne i Sogn og Fjordane.</li> <li>• Vidaregåande opplæring spelar ei viktig rolle for kompetanseheving, næringsutvikling og lokal samfunnsutvikling i fylket.</li> <li>• Opplæringa er heilskapleg frå grunnskule til fullført vidaregåande opplæring.</li> </ul>	Mot nye høgder